

# Norsk Ordbok 2014

## Årsplan 2010

### Innleiing

Det overordna målet for Norsk Ordbok 2014 er som i tidlegare år å oppretthalda manusprogresjonen (jf. punkt B4 i planen). Det inneber at alle ledd i redaksjonen greier å halda dei mange delmåla som blir sette opp for framdrifta. I 2010 har me som første og viktigaste hovudmål å få levert band 9 til forlaget til fristen 1. desember, og dessutan skal me innan utgangen av 2010 ha dimensjonert og starta redigeringa av band 10. Punkt B4 utgjer dermed hovudmålet for Norsk Ordbok 2014 i perioden, og dei andre delmåla som er sette opp i planen, skal alle støtta opp om dette hovudmålet. Alle prioriteringar i perioden skjer med utgangspunkt i at organisasjonen skal nå måla i B4.

Det andre hovudmålet er å legga vilkåra for effektiv redigering endå betre til rette gjennom å forbetra og vidareutvikla sjølve applikasjonen (jf. punkt C), gjennom å gjera meir tilfang digitalt tilgjengeleg via redigeringsapplikasjonen (jf. punkt D) og dessutan gjennom å gje god og relevant opplæring (jf. punkt E).

Me vil gjennom året arbeida aktivt for å sikra gode og føreseielege arbeidsvilkår for delredaksjonen ved NTNU i Trondheim, der me har hatt problem med lokaliseringa.

Til sist ønskjer me å arbeida vidare med å gjera prosjektet synleg på ein god måte for ålmenta. (Jf. punkt E15 i planen.) Hovudtiltak i år vil vera arbeidet med å ferdigstilla ein ny nettstad for prosjektet, deltaking på Forskingstorget i september og formidling av prosjektet til lærarar og elevar frå vidaregåande skole på Fagleg-pedagogisk dag og Open dag ved UiO, formidla prosjektet i ulike fora der me blir inviterte inn. Me kjem i tillegg som vanleg til å vera representerte på fagkonferansar som er interessante frå eit formidlings- og kompetansebyggingssynspunkt, så langt som økonomien tillet det.

Ambisjonsnivået i årsplanen for 2010 er prega av den økonomiske situasjonen Norsk Ordbok 2014 er i både på løns- og driftssida. For at me skal kunna gjennomføra planen er me avhengige av å få dei midlane til disposisjon som me har søkt om for 2010. Utan desse midlane vil me måtta seinka ambisjonsnivået. Utan ei opptrapping til eit løyvingsnivå som kan finansiera organisasjonen i ein slik storleik som opptrappingsplanen føresa, vil NO 2014 stå i fare for ikkje å kunna produsera i tråd med den langsiktige progresjonsplanen for utgjevinga av ordboksverket. Drifta av organisasjonen i 2010 slik ho kjem til uttrykk i årsplanen, føreset at me disponerer totaliteten av dei midlane som blei overført frå 2009.

## A. Rammevilkår

### 1. Organisering og finansiering

Mål 2010	
a) Me vil arbeida for at samlingsverksemda blir konsolidert innanfor rammene av instituttet, samstundes som prosjektet har sitt eige budsjett og administrative handlingsrom.	
b) Me vil söka midlar for 2011 på statsbudsjettet innan fristen 1. mars.	
c) Me vil arbeida for at det blir lagt inn ein auke i driftsmidlane frå UiO i universitetets langtidsbudsjett, for å sikra at prosjektet ikkje må omdisponera midlar frå løn til drift og dermed seinka produksjonsfarten.	
d) Manuskriptkontroll skal framleis skje ved gruppeleiarane, ved kryssjekkgruppa, ved sitatkontrollen og ved hovudredaktør (men jf pkt A1e).	
e) Me vil laga ei forsøksordning med alternerande gruppeleiarlesing. Ordninga skal i første omgang omfatta eit utval av dei mest røynde redaktørane.	
f) Me vil arbeida for å oppretthalda god og regelmessig kontakt med instituttleiinga ved ILN.	

### 2. Lokalisering og arbeidstilhøve

Mål 2010	
a) Me skal halda regelmessig kontakt med HF og ILN om evt. flytte- eller samlokaliseringsplanar ved instituttet.	
b) Me skal arbeida fortløpende for å betra arbeidsforholda for redaksjonsgruppa ved NTNU.	
c) Me skal leggja til rette for at utflyttinga av NTNU-redaksjonen i brakker under oppussinga på Dragvoll skjer med minst mogleg tidsspille for dei fem redaktørane flyttinga omfattar.	

### 3. Personale

Mål 2010	
a) Me vil tilsetja tre nye redaksjonsassistentar i redaksjonen.	
b) Me vil undersøka moglegheitene for å ha	

assistentar inne på arbeidspraksisplass til utføring av redaksjonell støttefunksjon.	
c) Me vil gje opplæring til nye redaksjonsassistentar.	
e) Om budsjetttsituasjonen tillèt det, vil me engasjera hjelp for tagging av tekst.	
f) Me vil forsøka å få minimum 25 produktive redaktørårsverk ut av løyvinga vår.	

## B. Manusarbeid

### 4. Band 9 og 10

Mål 2010	
a) Band 9 skal etter planen ferdigstilla til 1. desember. Det vil seia 526 sider med nyredigering, 795 sider med kvalitetstkontroll og 800 sider med korrektur.	
b) Til band 9 skal det utarbeidast innleiringstekst og bibliografitillegg innan 1. oktober.	
c) Me skal utarbeida korrekturinstruks for band 10 før 1. oktober.	
d) Me skal setja fire redaktørar til å gjera ferdigkontroll av samla manuskript den siste veka i november.	
e) Me skal nyredigera 77 sider av band 10 i løpet av november og desember dette året.	
f) Kvalitetstkontrollen av artikkelmaterialet skal i størst mogleg grad skje fortløpande.	
g) Me skal dimensjonera band 10 før 15. september	

### 5. Band 1 til 5

Mål 2010	
a) Administrasjonen skal i løpet av 2010 setja i gang grunnlagsarbeidet for eit prosjekt (post 2014) som gjeld revisjon og elektronisk tilrettelegging av band 1 t.o.m. 5 av Norsk Ordbok.	

## C. Utvikling av verktøy

### 6. Redigeringsapplikasjonen

Mål 2010	
a) Nye delkomponentar av redigeringsapplikasjonen skal nyskrivast i java.	

b) I samband med nyskrivinga av redigeringsprogrammet skal det komma på plass funksjonalitetsforbetringar. NO 2014 lagar ferdig ei liste med spesifiseringar av slike forbetringar som me ønskjer oss i den nyskrivne redigeringsapplikasjonen.	
c) Me skal vidareføra arbeidet med å integrera transkribert talemålsmateriale frå Tekstlaboratoriet i applikasjonen.	

## 7. Elektronisk utgåve av ordboka

Mål 2010	
a) Me skal få på plass ei endeleg avtale om (dei mellombels) rettane til den elektroniske utgåva av ordboka fram til utgangen av 2014.	
b) Me vil leggja ut ei elektronisk utgåve av ordboka på dei nye nettsidene til Norsk Ordbok.	

## 8. Setelarkivet (SA)

Mål 2010	
a) Me skal leggja inn nye funksjonalitetsforbetringar i den nye SA (lyd og bilet).	
b) Me skal merka opp NEG-setlane med heimfestingsopplysningar.	
c) Me skal merka opp setlar til band 10 som er uidentifiserte. Dette føreset assistenthjelp.	

## 9. Målføresynopsisen

Mål 2010	
a) Me vil gjera ferdig arbeidet med den digitale synopsisen slik at det blir mogleg å gjera søk på ord og lokalitet. Tiltaket føreset ekstern finansiering.	
b) Me skal delta i arbeidet med å få godkjend <i>norvegia</i> i Unicode.	

## 10. Redigeringshandboka

Mål 2010	
a) Me vil revidera underoppslagskapittelet og kapittelet om uttaleopplysningar.	
b) For å nå måla i 10 a) vil me bruka redaksjonsseminaret til å tematisera dei redaksjonelle problemstillingane.	
c) Me skal ha ei kontinuerleg utbygging og innarbeidning av redaksjonelle vedtak gjennom heile året	

## D. Utviding og forbetring av tilfang

### 11. Nynorsk tekstkorpus

Mål 2010	
a) Me vil få på plass avtaler med aviser og einskild-rettshavarar om levering av elektronisk tekst til korpus.	
b) Me vil engasjera sommarhjelp for å tagga meir tekst for innlegging i korpuset.	
c) Me vil forlenga kontrakten med Digforsk slik at den omfattar digitalisering av band 8 av <i>Norsk allkunnebok</i>	
d) Me vil digitalisera noko etterreformatorisk tekst ( <i>Den fyrste morgenblånen</i> ) med parallelkkorpus. Tiltaket føreset ekstern finansiering (Småforskmidlar).	
e) Me vil prioritera nordnorske skjønnlitterære tekster for innlegging i tekstkorpuset.	
f) Me vil forsøka eit samarbeid med UnifobAksis i Bergen og Språkrådet om tilrettelegging av nynorsk avismateriale for innlegging i korpuset.	
g) Me skal arbeida med korpusfunksjonalitet på Norsk Ordboks nye nettsider.	
h) Me vil utarbeida ein n-gramfunksjon til bruk på korputtekst. Dette vil gje viktig tilleggsfunksjonalitet i det redaksjonelle arbeidet med handsaming av fraseologi (jf pkt. 10 a).	
i) Me vil tagga opp og leggja inn 1894-årgangen av Den 17. Mai i korpuset.	

### 12. Metaordboka

Mål 2010	
a) Me vil normera MO på dei alfabetbolkane der det går føre seg redigering (r-s)	
b) Normering i MO i bolken som høyrer til band 10 ( <i>skodde – xx</i> ) skal vera ferdig til 1. september 2010.	
b) Me vil kopla opp 6 prioriterte eldre ordsamlingar. Dette føreset kapasitet på EDD.	
c) Me vil publisera digitaliserte ordsamlingar i Ordbokshotellet.	
d) Me vil kopla opp mest mogleg av dei 23 attståande tagga målføreordsamlingane og gjennomgå taggesistema.	

### **13. Digitale målførekart**

<b>Mål 2010</b>	
a) Transkribering av lydbandopptak frå målførarkivet. NO 2014 løyver Tekstlaboratoriet midlar tilsvarande 2 mnd.-verk til dette arbeidet.	
b) Ferdigstilling av arbeidet med ei nettpubliseringssløysing for dei digitale målførekarta. Tiltaket føreset ekstern finansiering.	

### **14. Nytt tilfang**

<b>Mål 2010</b>	
a) Me tek sikte på å registrera 15 000 nye oppslag i SA i 2010.	
b) Me vil i samarbeid med EDD utarbeida ein enkel database for registrering av målføreopplysningar, slik at denne kan formidlast til interesserte innsamlarar.	
c) Me vil bistå med tilrettelegging av digitalisering av Haugen-samlinga. Heile året v/ pensjonist.	

## **E. Formidling, informasjon og kompetanseheving**

### **15. Formidling og informasjon**

<b>Mål 2010</b>	
a) Me vil lansera den nye nettstaden for Norsk Ordbok.	
b) I samband med arrangementet vil me arbeida for å få best mogleg pressedeckning.	
c) Me vil delta på Fagleg-pedagogisk dag for lærarar i vidaregåande skole 8. januar.	
d) Me vil ta i mot referansegruppa for Garborg-senteret på Jæren i april.	
e) Me vil delta på Open dag for elevar frå vidaregåande skole 4. mars.	
f) Me vil vera vertskap for nemnda som arbeider med ny nynorskrettskriving. NO 2014 v/ÅW deltek i nemndarbeidet.	
g) Me vil ta i mot gjesteforskar i leksikografi frå det bulgarske vitskapsakademiet.	
h) Me vil ha bu på Forskingstorget i september 2010. Føresetnaden er at administrasjonen tek hovudtyngda av arrangementsansvaret.	
i) Me vil vera representerte i forum som kan	-

<p>gagna prosjektet, og som ikkje går på tvers av framdrifta. Døme er Nynorsk Forskarnettverk, Dei nynorske festspela, Granavollen-seminar, Nynorsk forum, forskingsgruppa i leksikografi ved ILN.</p>	
--	--

## 16. Kompetanseheving

Mål 2010	
a) Me vil gje opplæring til nye redaksjonsassistentar.	
b) Me vil vidareføra redaksjonsseminaret frå 2009 og også bruka dette seminaret til å tematisera andre redaksjonelle problemstillingar.	
c) Me vil vera representerte med foredrag på internasjonale konferansar.	
d) Me vil arrangera sommar- og juleseminar med eksterne foredragshaldarar.	
e) Me vil vera representerte på Lexicom-kurset i Ljubljana 7.–11.6.	
f) Dei som har behov for det, bør gå på Powerpoint-kurs i 2010.	
g) Me bør senda nokre tilsette på kurs i Excel og i den nye Office-pakka, dersom dette blir naudsynt.	
h) Me bør arbeida for å få fram individuelle forskingsprosjekt med tilknyting til den digitale basen vår.	
i) Me vil setja av midlar til eitt mastergradstipend på 15.000 kr til ein student som nyttar materiale frå dei nynorske leksikografiske samlingane til å skriva masteroppgåve.	